



# Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) - [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Foto: Roald Bertelsen

## KUNNGJERINGAR

### INNSKRIVING TIL SKULEÅRET 2014-2015

Grasdalen skule	tysdag 11. og onsdag 12. februar
Sagstad skule	tysdag 11. og onsdag 12. februar
Vestbygd skule	onsdag 12. februar
Rossland skule	tysdag 11. februar

Innskrivinga går føre seg på skulane. Nye førsteklasingar vil få innkalling i posten. Dersom de har førsteklasing til hausten og ikkje har fått innkalling, ta kontakt med på tlf. 56 17 10 00 eller [postmottak@meland.kommunen.no](mailto:postmottak@meland.kommunen.no)

### MELAND BIBLIOTEK

Eventyrstund tysdag 4. mars kl. 10.30  
Mariehøna barnehage har utstilling frå 10.02 til 03.03.14.  
Nordhordland Litteræreselskap har møte torsdag 20. mars kl. 19.00 på Meland bibliotek.

### TENESTEOMRÅDE KULTUR

Kulturavdelinga minner om søknadsfrist på kulturmidlar **1. mars 2014**, elektronisk søknadsskjema finn ein på: <http://www.meland.kommune.no/skjema.298723.nn.html>  
I samband med utlysinga vil kulturavdelinga invitere lag og organisasjonar som ønskjer å søkje kulturmidlar til ei orientering/samtale om dette. Møtet vert halde på Formannskapssalen tysdag 11. februar kl. 19.00. Velkomne!

### MELAND KULTURSKULE

Er det din tur til å motta Drømmestipendet på kr 10.000? Norsk kulturskuleråd og Norsk tipping deler ut 100 stipend. La jantelova kvile og ta kontakt med kulturskulen innan 14. februar! Det er kulturskulen som nominerer kandidatar til Drømmestipendet. Du kan søkja innan dans, musikk, skapande skriving, visuell kunst, teater og anna. Kandidatane må være fødd i 1994 eller seinare.

Du finn all informasjon om korleis du kan søkja og kva som må til for at søknaden din skal bli godkjent på [www.drommestipendet.no](http://www.drommestipendet.no)

– ta gjerne kontakt med kulturskulen for spørsmål og hjelp. Dersom vi får fleire søkjarar innan same kategori vil ein lokal jury velje kven som vert Meland kommune sin kandidat. [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) tlf 56 17 10 64

### MUSIKK FRÅ FØRSTE STUND

Meland kulturskule startar onsdag 12. mars med kurs for foreldre med barn i alderen 2 -15 mnd. Undervisning vert onsdag føremiddag, i kultursalen i Meland Aktiv. Kurspris kr 950,-. Påmelding på elektronisk skjema på kulturskulen si side på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Kurset går over 12 veker og foreldre med barn i aldersgruppa som bur i andre kommunar, kan og vere med dersom det er ledige plassar. På kurset syng vi både kjente og mindre kjente songar. Vi har rikeleg med rim og regler, alle tilpassa barnet. Det blir lagt vekt på rørsle som til dømes dans, gynging, roing og leik. Kanskje kjem du på songar du høyrde når du sjølv var liten, kanskje lærer du nye songar og leikar du kan bruke saman med barnet ditt heime. Ein treng ingen musikalske forkunnskapar for å vere med. Dersom stor påmelding, startar vi to grupper delt etter alder. For nærare opplysningar, ta kontakt med rektor Camilla Söderstrøm Tveit, tlf. 56 17 10 64 eller e-post: [kulturskulen@meland.kommune.no](mailto:kulturskulen@meland.kommune.no)

### MELAND FRIVILLIGSENTRAL

#### BESØKSVEN

Har du lyst å bli besøksven, eller har du lyst å ha ein besøksven? Å gå tur, lese høgt, besøke eller få besøk, være med på ein aktivitet saman med nokon. Det er mange ting i kvardagen som er kjekt å gjere saman med andre.  
Kontakt: e-post: [besokstjenesten@nhk.no](mailto:besokstjenesten@nhk.no) Tlf.: 56 17 10 66 (Frivilligsentralen)



### DATAKLUBB FOR PENSJONISTAR!

Klubben er for deg som vil læra litt meir om data og for deg som vil dela det du kan med andre. Ein treffstad der du kan øva deg på å bruke data.

Stad: Eldresenteret på Frekhaug  
Tid: måndagar frå 12 – 14.  
Ta med eigen maskin om du har.  
Vi har nokre til utlån.  
Vel møtt til dataklubb!

Arrangør: Meland Helselag, Meland Frivilligsentral

### Vil du vera ein av våre frivillige?

Kontakt Meland Frivilligsentral, tlf. 56 17 10 66

## LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har tatt i bruk elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under ledige stillingar.

### Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst?

### MELAND KOMMUNE TRENG:

#### Meland sjukeheim

Avdelingsleiar korttid og rehabilitering – 100% fast oppstart 01.04.14  
Avdelingsleiar langtid og Lerketun – 100% fast Oppstart 01.09.14  
Sjukepleiar/Vernepleiar – 75% fast stilling  
Sjukepleiar – 60% fast stilling  
Sjukepleiar, natt-tenesta – 74% vikariat  
Helsefagarbeidar, natt-tenesta – 56,87% vikariat

#### Meland heimeteneste

Avdelingsleiar Meland heimeteneste – 100% fast oppstart 01.04.14  
Avdelingsleiar Meland heimeteneste – 100% fast oppstart 01.09.14  
Sjukepleiar – 80% vikariat  
Vernepleiar/Miljøterapeut – 100% fast stilling  
Vernepleiar/Miljøterapeut – 75% fast stilling

### Ferievikarar Pleie og omsorg 2014

#### Mariehøna barnehage

Barne- og ungdomsarbeidar/assistent – 70% fast

#### Grunnskulane i Meland

Lærarstillingar – fast og vikariat  
Barne- og ungdomsarbeidar/assistent – fast og vikariat

### SØKNADSRIST: 23.02.14

Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

## OPNE MØTE

### Opne møte februar 2014

	Dato	Kl.	Møtestad	
Fellesrådet	Torsdag	06.02	13.00	Formannskapssalen
Formannskapet	Onsdag	12.02	16.00	Formannskapssalen
Kommunestyret	Onsdag	19.02	17.00	Formannskapssalen

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommuneleva. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)